



Fure-stiftelsen

att. Adv. Johan Seland
Advokatfirmaet Seland DA
Klingenberggt. 7A
Postboks 1938 Vika
0125 Oslo

Søknad om stønad til å fremja kjennskap til- og bruk av folkemusikk og folkedans blant barn og unge i storosloregionen.

Regionen er eit spesielt viktig satsingsområde av fleire grunnar:

- 1) Den tettast befolka regionen i landet.
- 2) Tilflytta aktørar frå heile landet.
- 3) Eit stort oppland med ein rik lokaltradisjon som til nå har vore lite påakta. Eit stort materiale av den lokale springdansmusikken blei f. eks. samla inn og nedteikna av bl. a. Anders Heyerdahl og Ludvig M. Lindemann midt på 1800-talet, men denne norske varianten av den svenske polskatradisjonen har gått i gløymeboka og må fram i lyset igjen.
- 4) Det er god tilgang på utdanningsinstitusjonar - som f. eks. folkemusikkutdanninga ved Musikkhøgskolen. Miljøet har mange dyktige og strategisk viktige aktørar.
- 5) Mange aktuelle framføringsarenaer og samlingsstader.
- 6) Viktig symboleffekt for resten av landet. Regionen bør bli "lokomotiv" i arbeidet med å få folkemusikk og folkedans på dagsorden i dei pedagogiske institusjonane.

Bakgrunn og strategisk tenking

Folkemusikk og folkedans er ein viktig del av kulturarven vår. Tradisjonsforankring gjennom positive og byggande aktivitetar som musikk og rørsle gir konstruktiv stimulans til både kropp og sinn. Den tradisjonsbaserte folkekulturen har levd under skiftande vilkår dei siste 200 åra. Under nasjonsbygginga, gjennom nasjonalromantikken og framveksten av dei store folkerørslene på 1800-talet blei det skapt ein aukande interesse som heldt seg til midt på 1900-talet. Under framveksten av det moderne industrisamfunnet etter 2. verdskrigen har det likevel i lange periodar vore tyngre å halda oppe synet på verdien av desse kulturuttrykka.

Det frivillige foreningslivet lever framleis godt i Noreg, og det er stor aktivitet i dei ulike laga. Men det har vore ein viss mangel på evne til å tilpassa seg nye samfunnsstrukturar - der ein større og større del av kvardagen til barn og unge blir "institusjonalisert" gjennom Skolefritidsordning, Musikk- og Kulturskole og i skoleverket

Samarbeidsorganet for folkemusikk og folkedans i Akershus (SAFFA)

forøvrig. Mange frivillige miljø har sett på denne utviklinga som ein trussel. Vår meining er at ein må «ta hansken» som er kasta og gjera seg i stand til å ta opp eit praktisk fungerande samarbeid mellom det offentleg opplæringsmiljøa og dei frivillige arenaane for utøvande fritidsaktivitet.

Utfordringane i ei slik tilpassing ligg svært mykje i det som let seg organisera regionalt. Det er her at behovet for ei profesjonalisering melder seg i arbeid for;

- 1) å kunna tilby fagleg hjelp til å lyfta nivå og perspektiv i frivillege lokale grupper.
- 2) å fungera strategisk, fagleg og marknadsbasert overfor dei institusjonaliserte fritidsorganisatorane for å fremja vårt felt.

Innafor folkemusikken har ein i noko grad makta å få til gode opplegg i samarbeid med kulturskolane - men opplegga er ofte tilfeldige og prega av den tilsette musikk læraren sine personlege interesser. Når det gjeld dans, så står det svært dårleg til.

Litt om søkaren

Den formelle søkaren er Samarbeidsorganet for folkemusikk og folkedans i Akershus (SAFFA.no) - eit regionlag for ca 60 aktive danse- og musikkgrupper - først og framst lokalisert i Akershus og Oslo. SAFFA har noko årleg stønad frå Akershus Fylkeskommune - kanalisert via Akershus musikkråd, men har ikkje ressursar til å ha fast bemanna sekretariat. SAFFA har eksistert sidan 1981 som frittstående regionledd - uavhengig av dei to dominerande landsorganisasjonane - FolkOrg (Tidlegare Landslaget for Spelemenn og Norsk folkemusikk- og danselag) og Noregs Ungdomslag.

Hausten 2010 blei det gjort ei vedtektsendring i FolkOrg som opna for at SAFFA kan bli organisasjonen sitt områdelag for regionen. Styret i SAFFA er nå innstilt på å få dette formalisert på vårt årsmøte i mars. SAFFA vil dermed bli ein del av ei sterk landssamanslutning.

For å søka å oppnå ein ytterlegare styrka konstellasjon med større slagkraft, er ein nå i ferd med å få på plass eit konstruktivt samarbeid med Noregs Ungdomslag gjennom organisasjonen sitt fylkeslag i Oslo, Bygdelagssamskipnaden. Styret i Bygdelagssamskipnaden har nyleg gjort vedtak om å gå inn for eit slikt samarbeid.

Det er mange ting i tida som gjera at det er viktig å få til ei satsing på barn og unge i amatør miljøet nettopp nå. Riksscenen er eit stort løft for feltet som vil krevja omfattande mobilisering. Frikar-satsinga og suksessen med Alexander Rybak har markert folkedans og folkemusikk. Omfattande innsamlingsarbeid av materiale som bare ventar på å bli tatt i bruk. Samling av- og profesjonalisering av organisasjonane på folkemusikk- og folkedansfeltet. Den organiserte verksemda for Feltet er dermed i ferd med å samla kreftene til ny og , framtidsretta innsats.

Samarbeidsorganet for folkemusikk og folkedans i Akershus (SAFFA)

Planlagte tiltak

Prosjektet er tenkt organisert over tre år. Det er viktig å ha arbeidsro i eit såpass langt tidsrom fordi det tek tid å oppretta gode kontaktar og skapa tillit hos samarbeidspartar.

1. Hovudelement:

Det er viktig at stratgiske mål og den gode vilje blir følgd opp av bevis på gode, praktiske tiltak og utvist gjennomføringskraft.

- a. Strategi og motivasjon
- b. Opplæringstiltak både for pedagogar og elevar.
- c. Tiltak og samlingar

2. Samarbeidspartnarar:

a. Akershus Musikkråd.

Akershuskontoret er utan tvil landets best fungerande og mest ambisiøse fylkemusikkråd. Rådet har sytt for årleg tilskot til SAFFA på ca kr. 50.000 og finansierer ei 20% stilling for å arbeida med å finna grunnlaget for eit fast sekretariat for Feltet i vår region.

b. Riksscenen for nasjonal og internasjonal folkemusikk, joik og folkedans.

Scena er under etablering i Schou-kvartalet og er sterkt opptatt av eit tett og godt samarbeid med amatørfeltet. SAFFA har tett dialog med scena for å finna ei god form på samarbeidet.

c. Musikkhøgskolen Folkemusikkutdanninga.

Potensialet for samarbeid med amatørfeltet er stort, og det er ønska av begge partar. Amatørmiljøa har bl. a. bruk for god musikk til sine øvingar, og studentane vil ha stort utbytte av å praktisera sin musikk for levande dansemiljø.

d. Kulturskolerådet Oslo-Akershus

Førebels er samarbeidet prega av ad hoc-tiltak. Kulturskolerådet marknadsfører gjerne våre tiltak, og kulturskolepedagogar gjer eit glimrande arbeid som instruktørar på våre kurs for barn. Her er eit stort samarbeidspotensiale.

e. Skoleverket

Det finst fleire gode tiltak for å fremja dans i skolen, men folkedansrørsla har ikkje vore dyktige nok til å få arbeid inn sine opplegg.

f. Rådet for folkemusik og folkedans (RFF)

Denne avdelinga ved NTNU i Trondheim er vår faste rådgjevar i fagspørsmål.

3. Konkrete tiltak:

- a. Motiverande arbeid overfor kulturskolane i distriktet.
- b. Instruktørutdanning og formidling av instruktørar til skoleverket.
- c. Kurs for barn og unge (Sørmarka-kurset). Saffa og medlemslaga har hatt fleire seminar med elevar frå kulturskolane som ønskjer å læra å spela folkemusikk.
- d. Dans står tilbake i utviklinga samanlikna med det som har skjedd på musikkfronten dei siste åra. Her må ein derfor få vurdert stratgiske erfaringar som kan overførast.
- e. Konseptutvikling. Pedagogiske tilnærmingar må bli utprøvd saman med Dans i skolen, Noregs Ungdomslag og andre aktørar.

Samarbeidsorganet for folkemusikk og folkedans i Akershus (SAFFA)

Budsjett pr. år:

1) Lønn og sosiale kostnader prosjektilsette	kr. 500.000
2) Kontorhald og reise	kr. 200.000
3) Kurs- og konferansearrangement:	kr. 250.000
4) <u>Materiell/utstyr</u>	<u>kr. 30.000</u>
5) Sum årsbudsjett	kr.980.000

Søknadssum for eit treårig prosjekt: kr. 2.940.000

Oslo den 6. februar 2011

Samarbeidsorganet for folkedans og folkemusikk i Akershus (SAFFA)

Representant for samarbeidskonstellasjon for storsloregionen under etablering.

www.saffa.no



Nils Seland
Styreleiar

Vedlegg:

Skisse for samarbeid og strategiske alliansar i storsloregionen/oslofjordregionen.